



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

04.09.2023

Vår ref:

2023/12641

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Statskraft Energi AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Tilbakemelding på oppstartsmelding om nye nettstasjonar og straumkabel mellom Fossvatnet og Seltuftvatnet - Høyanger kommune og Sunnfjord kommune

Statsforvaltaren legg til grunn at nye naturinngrep blir avgrensa så langt som råd.

Vi viser til oversendinga 30. juni i år med informasjon om oppstart av søknad om nettstasjonar vest for Lonestølen og ved dammane i Fossvatnet og Seltuftvatnet, og kabelanlegg mellom eksisterande nettstasjon og dei nye nettstasjonane.

Våre merknader

Vi legg generelt til grunn at nye naturinngrep blir avgrensa så langt som råd. Dette inneber at nye installasjonar blir etablert på eller nær eksisterande inngrep/infrastruktur. Vi har ikkje merknader til nettstasjonane som er planlagde nær eksisterande kraftverksdammar eller i eksisterande anleggsvegar.

Kabelen mellom nettstasjon Lonestølen og nettstasjon Seltuftvatnet skal leggjast i ein anleggsveg som er under planlegging, og som vil bli handsama som ein del av detaljplanen for rehabiliteringa av damanlegga. Det går ein sti eller eit gamalt køyrespor opp til Seltuftvatnet i dag.

Det er registrert fleire raudlisteartar ved Seltuftvatnet og i det omkringliggjande fjellområdet. Vi reknar med at strekninga nedanfor vatnet truleg ikkje er kartlagt tidlegare, sidan det ikkje ligg inne registreringar her. Vi minner om at høgfjellsnatur generelt er sårbar for inngrep.

Ein ny anleggsveg frå Fossvatnet til Seltuftvatnet vil bli eit nytt og monaleg inngrep. Det går ikkje fram av oppstartsmeldinga om legging av straumkabel i seg sjølv er eit viktig argument for å bygge vegen. For å unngå vegbygging i fjellet, bør det i så fall vurderast andre løysingar, som å grave ned kabelen i terrenget eller eventuelt å føre den fram som luftlinje.

Det bør òg vurderast om og eventuelt korleis rehabiliteringsarbeid av damanlegg kan utførast utan å måtte byggje ny anleggsveg. Dersom det er nødvendig med vegtilkomst for å gjennomføre arbeidet, bør vegen tilbakeførast etter rehabiliteringa.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vi
Org.nr. 974 760 665



Med helsing

Tore Larsen
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Høyanger kommune

Sunnfjord kommune

Vestland fylkeskommune

Postboks 159

Postboks 338

Postboks 7900

6991

6802

5020

HØYANGER

FØRDE

BERGEN